VELLEDALEN VASSLAG SA

INNKALLING TIL EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

(EO GE)

Dato	**19.10.2026**
Tid	**19:00**
Stad	**Grendahuset**
Til	**Andelseigarane i Velledalen Vasslag SA**

Styret i Velledalen Vasslag SA kallar med dette inn til ekstraordinært årsmøte. Saker som skal behandlast og forslag til vedtak går fram nedanfor. Det er tidlegare sendt førehandsvarsel med høve til å melde inn saker. Det er ikkje kome inn nye saker innan fristen.

Vedtektene fastset at årsmøtet berre behandlar saker som er varsla i innkallinga. Forslag til vedtektsendringar i § 6 og § 8 er derfor tekne inn som eigne saker med konkret ordlyd.

Sakliste

Sak 1 – Godkjenning av innkalling og sakliste

Forslag til vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

Sak 2 – Val av møteleiar og protokollunderskrivar(ar)

Forslag til vedtak: [namn] vert vald til møteleiar. [namn] og [namn] vert valde til å underskrive protokollen.

Sak 3 – Val av nytt styremedlem

Styret foreslår Kjell Magnar Berli som nytt styremedlem.

Forslag til vedtak: Kjell Magnar Berli vert vald som styremedlem i Velledalen Vasslag SA frå vedtakstidspunktet og for den valperioden årsmøtet fastset.

Sak 4 – Orientering om lekkasjesøking og status på leidningsnettet

Velledalen Vasslag har i 2026 gjennomført omfattande og systematisk lekkasjesøking, trykktesting og reparasjonar.

Før arbeidet starta låg vassforbruket ut frå UV-anlegget på om lag 200–240 l/min på dagtid og om lag 120 l/min om natta. Dagens normalforbruk ligg på om lag 80 l/min, medan nattforbruket ligg på om lag 40–50 l/min. Dette inneber ein reduksjon på om lag 60–67 prosent og viser at lekkasjesøkingsarbeidet og gjennomførte reparasjonar har hatt stor effekt.

Det er likevel framleis lekkasje på leidningsnettet. Vidare lekkasjesøking og systematisk feilsøking har blitt vanskelegare fordi det manglar tilgjengelege stoppekranar ved fleire av tilkoplingane på hovudleidninga. Når den enkelte stikkleidninga ikkje kan stengjast ved hovudleidninga, er det vanskeleg å isolere leidningsstrekk og fastslå om lekkasjen ligg på vasslaget si hovudleidning eller på privat stikkleidning.

Sak 5 – Stoppekranar og tilbakeslagsventilar – krav og gjennomføring

Formålet med kravet er både driftsmessig og hygienisk. Kvar privat stikkleidning må kunne isolerast frå hovudnettet ved lekkasjesøking, trykktesting, vedlikehald og reparasjon. Tilbakeslagsventilen skal samstundes hindre tilbakestrøyming frå private stikkleidningar og installasjonar til vasslaget sitt drikkevassnett.

Hovudleidning → tilgjengeleg kum ved tilkoplingspunkt → stoppekran → tilbakeslagsventil → privat stikkleidning → bygning

Både stoppekran og tilbakeslagsventil skal vere plasserte ved hovudleidninga i tilgjengeleg kum. Kummen skal vere plassert og utført slik at vasslaget til ei kvar tid kan få tilgang til og betene installasjonane utan tilgang til abonnenten sin bygning. Heile den private stikkleidninga frå hovudleidninga og fram til bygningen skal kunne isolerast frå vasslaget sitt leidningsnett.

Etter utført arbeid skal tiltaket dokumenterast med innmåling og fotodokumentasjon. Dokumentasjonen skal vise plassering av kum, stoppekran, tilbakeslagsventil, tilkopling til hovudleidning og vidare stikkleidning. Innmålinga skal vere tilstrekkeleg nøyaktig til at installasjonane seinare kan lokaliserast. Dokumentasjonen skal leverast til Velledalen Vasslag for arkivering og oppdatering av leidningskart.

Forslag til vedtak:

> Alle abonnentar som er omfatta av kravet skal ha stoppekran og tilbakeslagsventil ved vasslaget si hovudleidning.
>
> Stoppekran og tilbakeslagsventil skal vere monterte i tilgjengeleg kum ved tilkoplingspunktet til hovudleidninga, slik at vasslaget kan kontrollere, betene og stengje installasjonane utan tilgang til abonnenten sin bygning.
>
> Løysinga skal vere slik at heile den private stikkleidninga frå hovudleidninga og fram til bygningen kan isolerast frå vasslaget sitt leidningsnett.
>
> Etter utført arbeid skal tiltaket dokumenterast med innmåling og fotodokumentasjon. Dokumentasjonen skal leverast til Velledalen Vasslag for arkivering og oppdatering av leidningskart. Styret får fullmakt til å fastsetje nærare krav til koordinatsystem, innmålingsmetode, bilete og format for innlevering.
>
> Abonnentar som ikkje har gjennomført tiltaket får ein endeleg frist på 14 dagar etter skriftleg varsel. Dersom arbeidet er dokumentert bestilt innan fristen, kan styret godkjenne ein kort utsett gjennomføringsdato når arbeidet elles vert utført snarast mogleg.

Utsett gjennomføring for enkelte leidningsstrekk

Kravet vert mellombels utsett for:

- abonnentar på Hjortdalsvegen
- Vallavegen 324, 327, 335 og 337
- Bjørnadalen 2

Bakgrunnen er at eksisterande hovudleidningar på desse strekningane er eldre PVC-leidningar, truleg frå omkring 1974–1975, ligg ugunstig i stadeigne massar og er aktuelle for utskifting. Ved framtidig utskifting skal det etablerast ei permanent løysing der stikkleidningane så langt det er teknisk formålstenleg vert samla i kum/BK med stoppekranar og tilbakeslagsventilar. Utsetjinga inneber ikkje fritak frå kravet.

Sak 6 – Endring av § 6 i vedtektene – gjennomføring og sanksjonar

Forslaget skal gi styret tydelege og nødvendige fullmakter til å sikre gjennomføring av tekniske krav og vedtak. Vedtektsendringa krev det fleirtalet som følgjer av gjeldande vedtekter.

> Bryt nokon desse reglane eller vert det handla imot vedtak som vasslaget gjer, kan eit årsmøte gjere vedtak om kva rådgjerder som skal takast i kvart einskild tilfelle.

Eksisterande ordlyd i § 6 (siste ledd):

Forslag til ny ordlyd/prinsipp i § 6:

> Dersom ein andelseigar ikkje etterkjem tekniske krav, pålegg eller vedtak innan fastsett frist, kan styret etter skriftleg varsel sørgje for at nødvendige arbeid vert gjennomførte på den aktuelle stikkleidninga for andelseigaren si rekning.
>
> Dette omfattar mellom anna arbeid med stoppekran, tilbakeslagsventil, kum, stikkleidning, lekkasjeutbetring og andre nødvendige tiltak knytte til forhold som etter vedtektene er andelseigaren sitt ansvar.
>
> Etter utført arbeid skal tiltaket dokumenterast med innmåling og fotodokumentasjon. Dokumentasjonen skal som minimum vise plassering av kum, stoppekran, tilbakeslagsventil, tilkopling til hovudleidning og stikkleidning. Innmålinga skal vere tilstrekkeleg nøyaktig til at installasjonane seinare kan lokaliserast for drift, vedlikehald, lekkasjesøking og reparasjon. Dokumentasjonen skal leverast til og arkiverast av Velledalen Vasslag og nyttast til oppdatering av leidningskart og driftsdokumentasjon.
>
> Styret kan fastsetje nærare krav til format, koordinatsystem, bilete, innmålingsdata og annan dokumentasjon.
>
> Styret kan krevje dokumenterte og nødvendige kostnader dekte av andelseigaren. Styret kan inngå tidsavgrensa avdragsordning dersom særlege økonomiske forhold tilseier dette.
>
> Ved manglande etterleving som medfører fare for drikkevasskvaliteten, vesentleg lekkasje eller hindrar forsvarleg drift, lekkasjesøking, vedlikehald eller reparasjon av vassforsyninga, kan styret som siste verkemiddel vedta mellombels fråkopling inntil forholdet er retta.
>
> Før fråkopling skal abonnenten normalt ha fått skriftleg varsel og ein siste rimeleg frist til å rette forholdet. Ved akutt fare for drikkevasskvaliteten eller vassforsyninga kan nødvendige tiltak gjennomførast straks.
>
> Styret får fullmakt til å fastsetje nærare tekniske krav, fristar, dokumentasjonskrav og praktiske rutinar innanfor rammene av vedtektene og årsmøtet sine vedtak.

Sak 7 – Ekstra kostnadsbidrag

Styret foreslår eit ekstra kostnadsbidrag på kr 2 500 per abonnement. Bidraget skal bidra til å finansiere ekstraordinære kostnader knytte til lekkasjesøking, reparasjonar, tekniske tiltak, nødvendige investeringar og styrking av vasslaget sin likviditet.

> Forslag til vedtak: Ekstraordinært årsmøte vedtek eit ekstra kostnadsbidrag på kr 2 500 per abonnement. Styret fastset betalingsfrist og får fullmakt til å inngå kortvarig avdragsordning i særlege tilfelle.

Sak 8 – Mellombels kassakreditt i Sparebanken Møre og endring av § 8 – generell finansieringsfullmakt

Saka har to delar: eit konkret vedtak for den aktuelle kassakreditten og ei generell vedtektsfullmakt som gir styret eit avgrensa handlingsrom for framtidige, mellombelse likviditetsbehov. Styret behandla saka 04.10.2026 og foreslår rammene som går fram nedanfor.

Vedtak A – konkret fullmakt til Sparebanken Møre

Årsmøtet i Velledalen Vasslag SA gir styret fullmakt til å ta opp mellombels kassakreditt på inntil kr 200 000 i Sparebanken Møre fram til 31.08.2028.

Som sikkerheit for kreditten gir årsmøtet fullmakt til å pantsetje kundefordringar pålydande inntil kr 250 000, driftstilbehøyr pålydande inntil kr 350 000 og gnr. 32 bnr. 84 på festet grunn i Sykkylven kommune pålydande inntil kr 1 500 000.

Dei signaturberettiga for Velledalen Vasslag SA får fullmakt til å underteikne alle nødvendige kreditt-, pant- og sikkerheitsdokument knytte til denne kassakreditten.

Fullmakta gjeld fram til 31.08.2028, og kreditten skal seinast då vere avslutta eller leggjast fram for ny behandling dersom vidare finansiering er nødvendig.

Vedtak B – nytt ledd i § 8: generell finansieringsfullmakt

Styret kan utan særskilt årsmøtevedtak ta opp mellombels driftslån, kassakreditt eller anna tilsvarande kortsiktig finansiering med ei samla utestående ramme på inntil kr 200 000.

Finansieringa skal vere knytt til vasslaget si ordinære verksemd og kan nyttast til ordinær drift, nødvendig vedlikehald, reparasjonar, beredskap og akutte tiltak, kortsiktig mellomfinansiering av kostnader og likviditetsberedskap.

Den samla utestående finansieringa etter denne fullmakta kan ikkje overstige kr 200 000.

Styret kan innanfor denne ramma inngå nødvendige kredittavtalar og underteikne tilhøyrande dokument. Styret kan stille ordinær sikkerheit i kundefordringar og driftstilbehøyr når dette er nødvendig for finansiering innanfor den vedtekne ramma.

Pantsetting av fast eigedom, finansiering utover kr 200 000 eller finansiering som har karakter av langsiktig investering eller vesentleg endring av vasslaget si økonomiske stilling, skal godkjennast særskilt av årsmøtet.

Sak 9 – Orientering om reservevassforsyning, UV/UPS og andre tiltak

- reservevassforsyning og naudvatn
- oppfølging knytt til Brunstadsæterdalen og nedslagsfeltet
- UV-anlegg og UPS/nødstraum
- beredskap
- vidare tekniske tiltak og investeringar

Sak 10 – Generell orientering og spørsmål frå andelseigarane

Det vert opna for spørsmål og generell orientering. Det kan ikkje fattast vedtak i nye saker som ikkje er varsla i den formelle innkallinga.

Med helsing
Styret i Velledalen Vasslag SA